



Fedje kommune

Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 05.09.2017
Møtestad: Kalvedalen
Møtetid: 11:00 - 12:00

Møtedeltakarar	Parti
Hilde Koppen	Ap
Ottar Tangen	Frp
Elsa Herøy	H
Einar Thomassen	Krf

Møtedeltakarar vara	Parti
Ingrid Handeland	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Erling Herøy	H

Følgende fra administrasjonen møtte:
Ingebjørg Vamråk, Signe Råheim

Sakliste

Saknr	Tittel
006/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
007/17	Godkjenning av møtebok
008/17	Eldredagen

006/17: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Behandling:

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent. Samrøystes vedteke

007/17: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Rådmannen orienterte eldrerådet om at saker som eldrerådet ønskjer å ta opp til handsaming må meldast til sekretær i eldrerådet.

Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent. Samrøystes vedteke.

008/17: Eldredagen

Behandling:

Møteleiar Ottar Tangen orienterte om sitt forslag om opplegg for eldredagen.

Det er eldrerådet som på vegne av Fedje kommune arrangerer den internasjonale eldredagen. Nesteleiar ønskte at eldredagen vert arrangert den 3.oktober, fordi leiar av eldrerådet kan møte den dagen. Eldrerådet bestemte at dagen skal markerast 3.oktober 2017 i det sosialerommet i fleirbrukshallen kl.16.30 – 18.30. Ottar Tangen hadde eit forslag om Oddvar Nilsen Husa som talar, men fleirtallet ønskte ein utanforståande talar. Det var eit forslag om Randveig Frøiland. Det vart semje om å spørja Randveig Frøiland om ho kan kome den 3.oktober for å helde tale. Viss ho ikkje kunne, var eldrerådet samd om å spørje Oddvar Nilsen Husa. Randveig Frøiland kjem den 3.oktober og held tale.

Meny:

Betasuppe frå kafe Losen (40 stk.)

Kaffe og kaker

Hilde Koppen bestiller suppe og kaker.

Signe Råheim kjøper inn kaffe, te, mineralvatn, lys og servietter.

Underholdning:

Leiar i eldrerådet leiar markeringa.

Tale ved Ranveig Frøiland

Innslag frå kulturskulen – ansvar Ottar Tangen

Dikt ved Einar Thomassen og Margot Gullaksen – ansvar Ottar Tangen

Lyd: ansvar Erling Herøy

Den 3.oktober kl.15.30 møter dei faste representantane frå eldrerådet og varamedlemmar.

Else Herøy fremma forslag om at taler måtte få dekka reiseutgifter. Rådmannen kunne fortelje at Frøiland får dekka reiseutgifter.

Vedtak:

Eldrerådet er samd om at det vert arrangert eldredag den 3.oktober.
